

Mellom kjernefamilie og opphavsfamilie. Etternamnsval i parforhold

Line Førre Grønstad

Abstract

Last names may indicate affiliation and group belonging. This presupposes that names are taken, given, and used, in ways that are recognizable. In 2014, «Liv» wrote about her last name choices to the tradition archive Norwegian ethnological research, as one out of around 450 respondents to a qualitative questionnaire on the topic. In her response Liv touches upon several themes that come across in the other responses as well. In this article, I discuss some of these themes, and I use «Liv»'s story to understand meanings of naming, family and gender across the 2014 responses as well as responses to a second questionnaire sent out in 2016 specifically to men who made name changes, and qualitative interviews I conducted between 2016 and 2024.

The ideal of name similarity in the nuclear family suggests that at least one person in the couple must change their surname. For most of the 20th century Norwegian women had to change their name to their husband's, and still many women do. Expectations to follow patronymic practices can create feelings of inner conflict for many women and some men. Liv expressed thoughts about community and justice, and the different conditions that men and women experience when they want to pass on the surname from their childhood, while also highlighting how names work to bring people together and create identity as a group.

Keywords:

surname choice; gender; marriage; family; belonging

Nøkkelord:

etternamnsval; kjønn; ekteskap; familie; tilhørslse

1. Introduksjon

Bruken av etternamn seier noko om tilhøve mellom menn og kvinner, om haldningar til kva som inngår i å vere mann eller kvinne, og tilhøva mellom individet, familien og samfunnet elles. Sosiologen Jane Pilcher argumenterer for at namnebruk, både fornamn og etternamn, er med på å *gjere* kjønn (Pilcher 2017). I dei skandinaviske og angloamerikanske landa, og mange andre

land og kulturar, skjer dette på fleire måtar. Mellom anna blir nokre fornamn oppfatta som eigna for gutar og andre for jenter (Brylla 2001; Leino 2014; Pilcher 2017; Obasi et al. 2019; Utne 2020). Vidare er det skilnad på kvinner som gruppe og menn som gruppe sine namneval i ekteskap. Kvinner endrar etternamn i ekteskap i mykje større grad enn menn (jamfør også til dømes Slade 2015; MacEacheron 2016, 2024; Fitzgibbons Shafer & Christensen 2018; Qi 2018; Robnett et al. 2018; Omura 2019; Grønstad 2020; Ellingsæter 2023; Kelley 2023; Bechsgaard 2024). Føremålet mitt med denne artikkelen er å undersøke korleis etternamnsval kan opplevast for individet gjennom å sjå nærare på skildringa ei kvinne eg har kalla *Liv* har gitt av vala ho, storfamilien, svigersonen, dottera og ektemannen har gjort. Eg undersøker korleis normer og praksisar spelar inn i enkeltpersonar sine liv, med fokus på namna sin verknad på kjensler av fellesskap, og korleis menn og kvinner gjer vala sine under litt ulike føresetnadar.

Mellom 1923 og 1980 har kvinner i Noreg vore pålagde ved lov å ta mannen sitt etternamn i ekteskap, medan menn har vore pålagde ved lov å halde på *oppvekstnamnet*, altså etternamnet dei hadde med seg frå barndommen, gjennom livet. Frå 1949 vart det enklare for kvinner å søke om å få bruke oppvekstnamnet sitt etter at dei vart gift, og frå 1965 kunne dei melde frå i forkant av vigselen om at dei skulle halde på oppvekstnamnet som nytt mellomnamn, eller som etternamn. *Oppvekstnamn* er eit kjønnsnøytralt alternativ til det meir brukte *pikenamn* for namnet brukt før ein vart gift (Utne 2000). Eit *mellomnamn* er formelt sett i Noreg eit namn av etternamnstype tatt i bruk etter fornamna, og før det formelle etternamnet (Utne 2000).

På 1970-talet var etternamnsval for kvinner eitt av mange saker i likestillingskampen, og med ei kjønnslikestilt namnelov verksam frå 1980 vart det formelt sett enklare å bryte med den etablerte skikken. Når kvinner endrar etternamn i dag kan dei møte reaksjonar på at dei er umoderne eller at dei ikkje handlar feministisk. Dei kan også møte reaksjonar som at dei burde byte for å dele etternamn med ektefelle og barn, dersom dei ikkje gjer det (Grønstad 2015; Stoiko & Strough 2017; Carter & Duncan 2018; Peters 2018; Duncan, Ellingsæter & Carter 2019). Dette står i kontrast til menn, som kan møte sterke reaksjonar når dei endra etternamn, men som til gjengjeld i liten grad tenker over namnet når dei heldt på dette (Grønstad 2020, 2021).

Artikkelen er basert på spørjelister om etternamnsval sendt ut i Noreg i 2014. Ei spørjeliste er ei tematisk organisert undersøking med ei rekke opne spørsmål, og har blitt nytta som ein måte å dokumentere praksisar og levemåtar av Norsk etnologisk gransking (NEG) ved Norsk Folkemuseum sidan 1946.

Spørjelista om etternamn vart sendt ut som Særemne 64³⁰ til dei rundt 1000 faste meddelarane, som NEG kallar respondentane sine, og ho vart også spreidd gjennom sosiale media slik at fleire kunne dele sine erfaringar. Om lag 450 personar svara på undersøkinga. Av dei var om lag 350 kvinner og 100 menn. Liv er ei av desse kvinnene. Seinare sendte eg ut ei ny spørjeliste spesielt retta mot norske menn som sjølv endra på etternamnet sitt i parforhold med kvinner. Dei vart rekruttert gjennom nettverk, sosiale medier og innslag i avisa Bergens Tidende (sjå Heian 2016). På denne kom det inn 60 svar. Spørjelistesvara frå mennene har eg tidlegare analysert som del av doktorgradsarbeidet mitt, og i enkeltstående artiklar, og eg trekk vekslar på desse analysane i artikkelen (Grønstad 2020, 2021, 2023, 2024). Eg har også tidlegare skrive om NEG-spørjelistesvara frå personar fødd etter 1979 (Grønstad 2015). Denne artikkelen er den fyrste som inkluderer alle NEG-spørjelistesvara, og gir ein smakebit på noko av det som har opptatt dei som skildrar namnevala sine.

Spørsmåla i begge spørjelistene handla om kva slags etternamnsval den enkelte hadde gjort, og kvifor, reaksjonar på val, og kva slags namn barn får. Svara som kom inn var svært varierte, og gav ein brei inngang til å forstå namneval. I tillegg har eg intervjuar åtte enkeltpersonar og tre par, i heterofile og i homofile forhold, med utgangspunkt i dei same spørsmåla. Nesten alle var cispersonar i parforhold. Nokre hadde partner av same kjønn, dei fleste hadde av motsett kjønn. Dei budde over heile Noreg, var fødd mellom 1920-talet og 1990-talet, og minst ein i forholdet kom frå Noreg, medan den andre kunne komme frå land som Thailand, Canada, USA og Storbritannia. To som vart intervjuar hadde samisk opphav. Tre av intervjuar vart analysert gjennom doktorgradsprosjektet. Eg nyttar meg også av perspektiv som kom fram gjennom intervju som eg ikkje tidlegare har skrive om. Det ligg ikkje innanfor rammene av denne artikkelen å komme med ei fullstendig analyse av alt

³⁰ Spørjelistene er digitalisert og finst tilgjengeleg på Norsk etnologisk gransking sine nettsider, på <https://norskfolkemuseum.no/norsk-etnologisk-granskings-arkiv>. Spørjelista om etternamn finst her: <https://dms08.dimu.org/file/032wazLzTo37>. (Lest 06.05.2024). Respondentane kunne svare som samanhengande tekst. Her er spørsmåla som vart sendt ut: «Mange byter namn ved spesielle hendingar i livet som til dømes giftarmål, når ein får barn, eller ved skilsmisse. Har du, partnaren din eller andre rundt deg bytta etternamn (og mellomnamn)? Kva gjorde du/dei? Kvifor vart byttet gjort, og kvifor valde du/dei den måten å gjere det på? Dersom du har haldt på ditt eige etternamn (og mellomnamn), kvifor det? Kva slags reaksjonar har du/dei fått på å endre eller ikkje å endre namn? Korleis har de velt etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn? Dersom du ikkje har vore i ein slik situasjon, ville du ha bytta etternamn eller ønskt at partnaren tok ditt? Kvifor? Kva med etternamn (og mellomnamn) til eventuelle barn?»

materialet. Snarare brukar eg det til å kaste lys over Liv si historie, og eg brukar det Liv har skrive som prisme for å seie noko om korleis endringar av namn kan verke inn for enkeltmennesket.

Eg har nærlest dei skriftlege svara og transkripsjonane til intervjuar fleire gonger på jakt etter å identifisere temaa som respondentane tok opp. Ei slik open tilnærming til materiale gjer det mogleg å sjå etter tema eg ikkje på førehand kjente til (Braun & Clarke 2006). I svara på spørsmåla, både i skriftleg og munnleg form, skildra respondentane egne og andre sine handlingar, og dei kom med informasjon om, og perspektiv på, namnevala. I svara uttrykte respondentane erfaringar og synspunkt i spennet mellom omsynet til familien og idear knytt til eigen identitet, og dei uttrykte verdisyn på etternamn sett opp mot tradisjonar og haldning til kjønnslikestilling. Nokre, særleg kvinner, uttrykte tvil, glede og misnøye rundt valsituasjonen dei sjølve har stått i. Andre, særleg menn, skildra namnehistorien til familien der dei delte etternamn både med generasjonane før dei, og etterkommarane deira.

Før eg går vidare til dømet vil eg kort seie noko om fordelinga av namneval i Noreg. Ei undersøking eg fekk gjennomført i 2018, viste at litt under halvparten av kvinnene heldt på oppvekstnamnet sitt når dei gifta seg (47,2 %) (Grønstad 2020 s. 106). Til samanlikning heldt over ni av ti menn på sitt oppvekstnamn (91,2 %). Vidare tok litt under halvparten av kvinnene ektefellen sitt etternamn som nytt etternamn (46,6 %). Berre 4,2 % av mennene tok etternamnet til ektefellen sin. Eit par prosent av kvinnene og mennene tok i bruk bindestreksnamn, og kombinerte etternamnet sitt med partnaren sitt, slik at begge namna vart inkludert på lik linje. Nokre svært få gjorde andre val, som til dømes å lage eit nytt etternamn eller å velje eit etternamn frå ei av slektene deira som ingen av dei to hadde frå før. Ein del som heldt på oppvekstnamnet tok i bruk partnaren sitt etternamn som sitt eige mellomnamn. Ein stor del av dei som bytta etternamn, heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. Det gjaldt både menn og kvinner.

Tabell 1. Oversikt over norske kvinner og menn sine etternamnsval i 2018.

	Held på oppvekstnamnet	Endra etternamn	Bindestreksnamn
Kvinner	47,2%	46,6%	1,5%
Menn	91,2%	4,2%	2,2%

Denne kvantitative undersøkinga inkluderte personar mellom 20 og 45 år, som var eller hadde vore gift i 2018, for at ho skulle likne på ei undersøking gjennomført i 2003 av Statistisk sentralbyrå (Noack & Wiik 2005; Grønstad 2020 s. 44). Sett saman med undersøkinga frå 2003, viser undersøkinga frå 2018 at kvinner i større grad held på oppvekstnamnet sitt. Det var det 20 % som gjorde den gongen mot nesten halvparten av kvinnene 15 år seinare. Til skilnad var det lita endring i talet på menn som endra på etternamnet sitt.

2. Eit empirisk døme

Liv sitt spørjelistesvar har fått det unike aksesjonsnummeret *NEG43932*. Ho vart fødd i 1954, arbeidde som lærar, hadde vore gift i mange år, og budde og hadde barn og barnebarn ein plass i Midt-Noreg. Svaret er lenger enn mange av dei andre, og tar oss gjennom kjenslene hennar frå ho tok ektemannen sitt etternamn då dei gifta seg i 1975, til ho avsluttar med nokre generelle refleksjonar rundt kvinner og menn sine etternamn. Gjennom forteljinga hennar får vi innblikk i korleis namneendringar kan arte seg, og kva slags kjensler som kan komme i spel knytt til kvinner sine endringar og menn sine endringar.

3. Å skape ein kjernefamilien

Forteljinga til Liv byrjar med namneendringa ho sjølv gjorde då ho gifta seg 40 år tidlegare:

Jeg bytta etternavn ved giftermål i 1975. Da tok jeg min manns etternavn fordi vi ville ha et felles familienavn på oss selv og våre barn. Navn understreker fellesskap. Vi ville også at det skulle synes at vi var gift og ikke samboere. Det var ikke vanlig på denne tida at gifte kvinner og menn hadde ulike etternavn.

Skikken var å bruke mannen sitt etternamn i ekteskapet, og denne skikken hadde forrang i lova. Det finst få undersøkingar av kvinner sine namneval frå denne perioden. Eit unnatak er ei undersøking av namnevala til dei 259 para som gifta seg i Oslo i august 1974, som mellomfagsstudentane Ane Skjøsberg og Inger Eidem sto bak. Eg har ikkje klart å finne originalteksten, men arbeidsutvalet som gjekk gjennom namnelova for å komme med forslag til ny, kjønnslikestilt namnelov på 1970-talet, har vist til undersøkinga (Fisknes, Løkkeberg & Stabel 1976 s.19). Skjøsberg og Eiden fann at 65 % av kvinnene endra etternamnet sitt heilt til mannen sitt, 28 % heldt på oppvekstnamnet sitt som mellomnamn, og 7 % nytta berre oppvekstnamnet. Dei gjekk ut frå at talet på kvinner som heldt på oppvekstnamnet var lågare enn 7 % i resten av landet. Det ser ikkje ut til at dei såg på etternamnsvala menn gjorde.

Liv gjorde som i underkant av ein tredjedel av Oslo-kvinnene, og heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. I følgje oppmjukinga i namnelova verksam frå 1965, kunne Liv halde på oppvekstnamnet som mellomnamn eller etternamn ved å melde frå om det i forkant av bryllaupet.

Det var viktig for dei, fortalde ho, å dele namn i den nye kjernefamilien som dei skapa, og dei fekk etterkvart fleire barn som delte etternamnet med dei. Dette var den vanlegaste og sterkaste motivasjonen jamt over for å endre på namnerekka for kvinner (Twenge 1997 s. 425; Fjellhaug 1998 s. 83; Boxer & Gritsenko 2005 s. 3; Keels & Powers 2013; Grønstad 2015 s. 268; Castrén 2019 s. 256; Duncan, Ellingsæter & Carter 2019 s. 10–11). Det gjaldt også mennene som endra på namnet sitt. Dei trakk fram den symbolske tydinga som låg i å dele namn, og å ha ei felles overskrift på eininga som dei var med på å lage saman med kona si (Grønstad 2020 s. 121 f.).

Det fungerte også som eit gjenkjenneleg signal til omgjevnadane om endring av sivilstatus. Det gjaldt for Liv og ektemannen, for menn som endra etternamn, og for nokre, men ikkje alle, av dei lesbiske og homofile para eg intervjuar. Det markerte skapinga av ei ny eining, som også anna forskning på lesbiske og homofile familiar viser (Nordqvist 2012; Patterson & Farr 2017; Dempsey & Lindsay 2018; Chute 2020; Underwood & Robnett 2021). Å dele namn kunne bidra til å skape legitimitet, og gjere ekteskapet og familien gjenkjenneleg for andre. At endring i namnerekka til den eine eller begge i parforholdet var gjenkjenneleg i kulturen som teikn på endring i sivilstatus for paret, var altså viktig både for Liv på 1970-talet, og for skeive par på 2010-talet.

For Liv og mannen var det viktig å markere at ekteskapet var noko anna enn sambuarskap. I 1972 vart paragrafen i straffelova som forbaud sambuarskap, den såkalla konkubinat-paragrafen, fjerna. Sjølv om paragrafen hadde vore sovande lenge, seier dette noko om ei kulturell førestilling om statusskilnad på sambuarskap og ekteskap som også Liv viser til med motivasjonen sin for å endre namn. Nærlesinga av spørjelistesvara viser at dette ikkje berre gjaldt på 1970-talet. Også på 2010-talet var markering av sivilstatusendring ein viktig motivasjon for endring blant kvinnene som gifta seg då.

I svaret sitt skreiv Liv at ho bytta namn for at ho, mann og barn skulle heite det same. I dette kan det anast ei forventning om at barn får namn frå faren, som kan kjennast att i mange av spørjelistesvara, både frå menn og kvinner, som gjerne tok bruken av mannen og faren sitt etternamn for gitt på kona og ungane. Hadde Liv latt vere å endre etternamn, ville ho ikkje ha delt etternamn

med mannen og barna. Mannen og barna sine etternamn var i mindre grad opne for endring enn hennar.

På 1970-talet sto kampen for dei fleste om retten til sjølve å halde på oppvekstnamnet for kvinnene, framfor retten til å føre kvinna sitt oppvekstnamn vidare til barn, og til bruken som felles namn i parforholdet (jamfør til dømes Brock-Utne 1976). Liv gifta seg midt i ei brytningstid. Likestillingslova kom i 1978, og den fyrste kjønnslikestilte namnelova kom i 1979. Fleire andre kvinner føydde på 1950-talet skildra i svara sine korleis dei opplevde å stå i krysspress mellom eit feministisk standpunkt og tradisjonen. Å halde på oppvekstnamnet for kvinnene vart forstått som det feministiske og likestillingsorienterte valet, medan bruken av mannen sitt etternamn vart forstått som det tradisjonelle valet. Framveksten av likestillingsorienterte standpunkt gjorde det mogleg å tenke seg å bruke eigne etternamn, og det var også døme på dette hos respondentane.

Fleire av kvinnene som held på oppvekstnamnet sitt som mellomnamn gjorde dette som eit slags kompromiss i NEG sine spørjelistesvar, også blant dei yngre kvinnene (sjå også Fjellhaug 1998 s. 83; Grønstad 2015 s. 269). Dette er gjenkjenneleg i forskinga gjort på kvinner sine etternamnsval i andre land med liknande namneskikk (Kline, Stafford & Miklosovic 1996 s. 609; Entzenberg 2004 s. 42). Denne moglegheita hadde kvinner i Noreg hatt sidan den fyrste norske namnelova kom i 1923. Å bevare oppvekstnamnet i namnerekka vart i varierende grad brukt, og i stor grad regulert i kulturen gjennom at det kunne fortolkast som om kvinna var fin på det, eller ikkje ønskte å inngå i mannen sin familie. I alle fall tyder ei rekke av spørjelistesvara på dette.

4. «Tungt» å endre namn

Sjølvs om Liv ikkje stilte spørsmål ved normene som ho følgde ved at mannen sitt etternamn vart hovudetternamnet for henne og resten av kjernefamilien, betydde ikkje det at dette var enkelt for henne. Ho opplevde det som «veldig TUNGT», og at ho ikkje lenger «helt representerte MEG SELV». Liv framheva viktige ord i forteljinga ved å bruke store bokstavar. Ho tok med oppvekstnamnet vidare som mellomnamn, og brukte det aktivt. Sjølv skulle ho ønskje at ektemannen kunne ta i bruk namnet hennar også, men: «På denne tida var det ikkje mulig for min mann å ta mitt slektsnavn som sitt mellomnavn, ikke tillatt. Det kjentes urettferdig». Liv skulle gjerne ønskje at begge to endra på etternamna sine, og delte begge sine oppvekstnamn. For Liv var etternamnet ho vaks opp med ein viktig del av identiteten, og å sleppe det heilt ønskte

ho ikkje. Tvert om gjorde ho ein stor jobb med å få andre til å halde fram med å bruke det i tillegg til etternamnet.

Verken menn eller kvinner kunne ta partnaren sitt etternamn som mellomnamn før 2003. Det var berre gjennom unnatak i lovverket at menn i det heile tatt kunne ta kona sitt etternamn fram til 1980. Det kunne berre skje når «det elles vert søkt om eit slektsnamn som søkjaren har ei særleg tilknytning til, og han etterser at det er viktig for han å få namnet» (Namnelova 1964, § 9.5). Dei fyrste åra var det heller ingen menn som søkte om løyve til å ta i bruk kona sitt etternamn (Heffermehl 1968 s. 285).

Ei slik sorg som Liv skildra, kom fram i fleire svar frå kvinner som endra på etternamnet sitt. Det gjaldt både kvinner som tok vekk oppvekstnamnet heilt, og kvinner som heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. For mange kjentest det rart å ha mannen sitt etternamn der oppvekstnamnet pleidde å vere. Nokre endra tilbake, eller tok inn oppvekstnamnet som eit mellomnamn dersom dei ikkje hadde hatt det med frå vigselen.

Også menn som endra etternamn dei seinare tiåra fortalde om ei kjensle av brot som låg i bruken av kona sitt etternamn i staden for det opphavlege etternamnet, men i mindre grad enn kvinnene. For desse mennene var det å endre etternamn uvanleg og noko dei gjorde etter å ha tenkt på det lenge (Grønstad 2020 s. 229 f.). Det var gjerne ein lengre prosess enn det var for kvinner gift på 1970-talet, som fekk namnet endra automatisk.

Liv kjente også på at ansvaret for namnefellesskap i kjernefamilien låg på henne som kvinne aleine. Dette endra seg formelt sett frå 1980 då den norske namnelova vart kjønnslikestilt. I praksis fungerte ikkje nødvendigvis namnelova heilt slik, sidan det berre var ein person i paret som hadde høve til å ta etternamnet til den andre. Det var dermed enkelt for mange å følge skikken der kvinna endra namn, og mannen sitt sto uendra.

5. Fellesskap i storfamilien

Nokre år seinare tok Liv, mannen og barna eit heilt nytt etternamn som skilte seg ut frå det meir vanlege sen-namnet, altså eit stivna patronymikon, som dei hadde brukt på 1970-talet. Tidleg på 1980-talet bytte ektemannen, broren hans og familiane deira til eit samisk namn som dei laga basert på munnleg overført kunnskap om namnet til oldefaren til brødreparet. Dette utgjorde *storfamilien*

i svaret frå Liv. Liv fortalde: «Dettes navnet står ikke i noen offentlige dokumenter. Øvrigheta (prester) brukte bare norskslydende navn i sine opptegetser; slik ble alle samer skrevet inn i kirkebøkene med -sen-navn etter sin far».

Sen-namna har vore vanlege i Noreg fordi då faste etternamn vart innført i 1923, kunne alle i prinsippet ha eit patronymikon, sidan det var fornarnet til faren med -son eller -dotter lagt til. Slik vart enkeltindivida allereie ført inn i kyrkjebøkene og folketeljengane, med namnet til garden personen budde på som eit tillegg (Biskopen 1897). Skilnaden frå 1923 var at desse namna vart faste, arvelege sekundærpronymikon dersom det ikkje var andre etternamn som vart tatt i bruk som faste namn (Navneloven 1923).

På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart også norske samar ført inn på same måten, og den samiske namneskikken med klansnamn, faren eller mora sitt fornarn i genitivsform, kallenamn og andre slektsnamn, vart ikkje inkludert i oversiktene. Desse skikkane har i staden levd vidare i munnleg form i mange familiar (Rydving 2019; Nystad & Idivuoma 2020). Å ta i bruk samiske namn igjen har blitt meir vanleg dei siste åra (Frändén 2010; Nielsen 2019). Blant personar med samisk bakgrunn som eg har intervjuet, er kjennskap til namna og plassering i slekter og klanar viktig, og noko som lever vidare som uformelle, men like fullt meir «ordentlege» namn, som ein eg intervjuet formulerte det, i motsetnad til dei formelle namna som var i tråd med norsk namneskikk, med fornarn først, og eit fast etternamn til sist.

Tidleg på 1980-talet var det ikkje så enkelt å ta tilbake samiske etternamn som var gått ut av bruk. Liv og mannen fekk eit namn som var mogleg å ta fordi det ikkje fanst i bruk frå før, og dermed fall det inn i lovverket som eit nyskapa namn. Liv var veldig glad for det nye namnet, og skildra korleis det fungerte som ein samanbindande faktor for dei som delte namnet. Ho opplevde at det «IDENTIFISERER oss og gir en tilknytning og er sterkt identitetsskapende for oss alle». I tillegg fungerte det nye etternamnet som «et lim i storfamilien - søskenbarn, tantebarn, onkelbarn, barnebarn m fl-----> vi hører sammen! Det var et smart trekk å få dette navnet i familien!».

At begge tok eit nytt etternamn var med på å skape ei anna form for fellesskap, der dei var ei eining som skilte seg tydeleg ut frå andre, og som skapa noko felles med svogeren og tantebarna til Liv, i tillegg til barn og etter kvart barnebarn. Det var eit etternamn med ei konkret historie, som sa noko om eit opphav og handlingar som knytte individa saman med kvarandre og med fortidige generasjonar, og førte til kjensler av samhøyrse for Liv og dei andre i denne vesle storfamilien. Bevisste val som er gjort ut frå verdisett, kunnskap

om historisk bakgrunn og som sender signal om kven som høyrer saman, fører gjerne til positive kjensler. Det kjenner eg att frå vurderingane mennene som endra etternamn til kona sitt, rapporterte om. Meir sjølvstendige, gjennomtenkte og frie val, førte til at dei var fornøgde med vala sine, trass i at dei kunne møte motstand fordi dei braut med normene (Grønstad 2023 s. 13).

6. Menn som endrar namn

Barna til Liv vaks opp med det samiske namnet frå dei var små. Då ho skreiv til NEG hadde nokre av borna stifta familiar og fått eigne barn. Den eine dottera heldt på det samiske namnet då ho gifta seg, og ho gav dette etternamnet vidare til barna sine. Både dottera og ungane hadde altså hennar etternamn som felles etternamn. Dei delte likevel namn med mannen til dottera gjennom at dei hadde hans oppvekstnamn som felles mellomnamn. Mannen til dottera heldt også på oppvekstnamnet sitt, men tok inn det samiske namnet som eit nytt mellomnamn, fortalde Liv: «Det at HAN tok vårt (samiske) slektsnavn som sitt mellomnavn gjør stort inntrykk på oss alle i familien; vi elsker ham for dette!» Liv og resten av storfamilien var svært takksam for svigersonen si namneendring.

Når ein mann tar i bruk etternamnet til partnaren, sjølv om det berre er som mellomnamn, kunne det oppfattast som ei handling som seier noko om verdsetjing av namnet, av kona og av opphavsfamilien til kona, altså familien ho vaks opp i. Det kan også seie noko om haldning til likestilling og om forplikting til kjernefamilien frå mannen (Grønstad 2020 s. 243).

Når menn endrar etternamn er det såleis ei anna type handling enn når kvinner gjer det same. Dette er eit tydeleg mønster på tvers av spørjelistesvara og intervjuar eg har gjort. Det bryt med skikken og forventingar i kulturen, og kunne slik bere med seg ein større vinst enn når kvinner bytte etternamn ettersom det kunne forståast som eit tydeleg val. Det kunne også av same grunn bere med seg ein større kostnad. Menn som endrar etternamn i parforhold kan oppleve å motta skuldingar om å vere «tøflar», altså underlagt den kvinnelege partnaren sin i forholdet (Grønstad 2021). Det bryt med normer for mannlegheit som tilseier at menn bestemmer, ikkje at andre bestemmer for mannen. Fleire av mennene som sjølve endra på etternamnet som svara på spørjelistar eg sendte ut, var inne på at dette var ein kjent diskurs som gjorde seg utslag i sleivkommentarar og uttrykk for humor. Dei hadde gjerne endra etternamn i ekteskap i løpet av 2000- og 2010-talet, og kunne tolke kommentarane som utslag av

kjønnsdiskriminering som dei ikkje tok særleg alvorleg, men heller ikkje såg som morosame (Grønstad 2021 s. 127).

Meir alvorleg var kan hende reaksjonane nokre menn møte frå opphavsfamilien sin. Fleire av fedrane tok det tungt at sønene bytta vekk namnet dei hadde fått frå fødselen av, som inkluderte ein moralsk plikt til vidareføring. Å ta vekk eit etternamn kunne tolkast som ein måte å kutte band til opphavsfamilien og farslinja ettersom norma om vidareføring av fedrane sine nedarva namn var sterk (Grønstad 2020 s. 141). Det kunne også gjelde der paret laga eit nytt bindestreksnamn ved å slå saman begge sine etternamn, eller der namnet som vart bytta vekk var av dei vanlegaste namna.

I nokre tilfelle kunne ein slik distansering frå opphavsfamilien spele inn i valet av kona sitt etternamn som felles for paret. Likevel var dei oftast opptekne av kva dei skapa med det nye namnet, fellesskapet i den nye kjernefamilien, ikkje eit ønskje om brot med faren og farslinja. Noko tilsvarande fann språkforskarer Trine Sand Bakken i si undersøking av namneendringar i Nord-Noreg (Bakken 2002). Dei mennene som endra etternamn i konteksten av eit parforhold, la også hos Bakken vekt på at dei ikkje ønska å bryte banda til opphavsfamilien (Bakken 2002 s. 170 f.).

7. Mellomnamn i rørsle

Liv viste altså stor glede over tillegget av det samiske etternamnet for svigersonen, og skildra det i konteksten av storfamilien som ektemannen og broren til ektemannen var sentrale i. Likevel hadde ho delte kjensler for valet. Dottera hennar hadde nemleg bytta ut mellomnamnet frå oppveksten med ektemannen sitt etternamn som nytt mellomnamn. Liv skildra det som at: «det gjorde så stort inntrykk på vår datter at hun selv ga avkall på sitt eget mellomnavn i denne prosessen». I praksis vart dermed det samiske etternamnet og svigersonen sitt etternamn del av namnerekka for dottera og barnebarna til Liv, medan mellomnamnet som vart skifta ut og forsvann frå bruk var oppvekstnamnet til Liv: «Jeg er lei meg for dette. Jeg kjenner gråten i halsen av dette. MITT blir borte... Det er da heller ingen av våre barnebarn som har MITT slektsnavn i sine navn.... Sukk».

Sjølv om Liv hadde ei sterk kjensle av fellesskap med dei andre med det samiske namnet, hadde ho også det namnet som ho vaks opp med. Dette namnet hadde barna fått som mellomnamn slik at dei i oppveksten delte både mellomnamn og etternamn med Liv, men berre etternamnet med faren sin. Når barna

vart foreldre vart ikkje mellomnamnet med vidare til neste generasjon. Det sto i den svakaste posisjonen og var dermed enklast å fjerne. Når paret deler namn og tar med seg eitt namn kvar, vart namna lange, og få nytta høve til å ha fleire mellomnamn som lova opna for. Sidan det ofte har vore namn frå kvinna som har hatt mellomnamnsplassen, fører det til ei systematisk nedtoning av namn frå kvinnelinjene. Namnelova frå 2003 opna for ein meir fleksibel bruk av mellomnamna, ikkje berre for svigersonen, men også for Liv og ektemannen sine høve til å markere gjensidigheit og fellesskap. Liv skreiv:

Det har vært et tankekors for meg at JEG bærer min manns slektsnavn, men at HAN ikke har mitt. Fra tid til annen har jeg bragt dette på bane og sagt at jeg ønsket at han skulle ha mitt slektsnavn som sitt mellomnavn. [...] plutselig (en vakker dag!) kom han med papiret hvor det sto hans nye navn: fornavn + MITT SLEKTSNAVN som mellomnavn + vårt felles etternavn (hans slekt sitt navn). Da hadde vi vært gift i ca 30 år. Dette gjorde meg skikkelig godt! Jeg ble glad! Han respekterer meg! Vi hører sammen! Det ble sånn der “halleluja-stemning” i heimen da, ja!

Liv opplevde det som vanskeleg at det berre var ho som endra etternamn då dei gifta seg, og at mannen hadde namnet sitt uendra. Det hjelpte at begge to tok det nye, samiske etternamnet, men heller ikkje dette var nok for henne, for ho ønskte at han skulle dele hennar oppvekstnamn også. Det gav ho uttrykk for til han, og ein dag hadde han endra namnet sitt. Dette gleda Liv seg stort over. At mannen til Liv kom henne i møte, rett nok etter ein del tiår, sette ho stor pris på, og det sa henne noko om at han var villig til å gjere ein innsats for dei som par.

Blant kjeldene mine har eg få historier om godt vaksne menn som tok kona sitt namn etter såpass lang tid som gifte. Eit par nemner moglegheita for at dei kan komme til å gjere det. Andre har som følgje av til dømes interessa for slektsgransking tatt etternamnet som mora vaks opp med som sitt eige mellomnamn i vaksen alder (Grønstad 2020 s. 132–133). Dette er likevel unnatak i forteljingane om namn frå mennene. At slike refleksjonar dukka opp kan tyde på ei forskyving i tydinga som etternamn kunne ha etter som skikken med å følgje mannslinjene ikkje lenger vart tatt for gitt.

Mot slutten av svaret sitt reflekterte Liv over kva som skjer med etternamna kvinner har tatt med seg, og konsekvensane av at desse gjerne blir vidareført som mellomnamn:

[F]or min egen del bærer jeg på en sorg over mitt eget (etterhvert i generasjonene: tapte) slektsnavn. Men sånn må det jo være når vi legger slik vekt på å ha felles navn... Og en kvinnes navn er det krevende å ivareta i generasjoner.... disse mellomnavnene gjør godt å ha “her og nå”, men de forsvinner «ut av

slekta» i løpet av et par generasjoner. Det er rett og slett en trist sak.... Jeg kjenner at jeg vil gråte enda en skvett over dette....

På midten av 1970-talet heldt Liv på oppvekstnamnet som eit mellomnamn i tillegg til etternamnet frå ektemannen. Sjølv om Liv ikkje skildra dette som eit veldig radikalt val for henne på den tida, var det altså kvinner som meldte om at dei gjorde dette som eit bevisst val for å bevare namnet og koplinga til opphavsfamilien. Ikkje alle av desse kvinnene gav det vidare til barna som mellomnamn, men det gjorde Liv.

For nokre av dei andre kvinnene var det omsynet til eiga identitetskjenneleik som var viktig, ikkje å føre namnet sitt vidare til dei neste generasjonane. Det gjaldt også yngre kvinner som skildra namneval til seg sjølv og til barna sine på 2000- og 2010-talet (Grønstad 2015). Det kunne vere kvinner som tok ektemannen sitt etternamn inn som nytt hovudetternamn etter oppvekstnamnet som vart mellomnamn, eller som sjølv heldt på oppvekstnamnet utan å endre på noko, men som ikkje gav dette vidare til barna sine. Dette kan kjennast att i undersøkingar av kvinner sine etternamnsval også i andre land med liknande namneskikkar (Foss & Edson 1989; Fowler & Fuehrer 1997 s. 135 ff.; Fjellhaug 1998 s. 79; Bähr & Weatherall 1999 s. 52 f.; Entzenberg 2004 s. 42; Ceynar & Gregson 2012 s. 572 f.; Wikstrøm 2012 s. 266). Her skilte Liv seg ut gjennom sorga ho skildra som reaksjon på at dottera tok vekk mellomnamnet dottera vaks opp med, og bytte det ut med ektemannen sitt etternamn. Når etternamnet i den svakaste posisjonen blir bytta ut, og dette namnet dei siste tiåra systematisk har vore etternamnet etter kvinnene, er det kvinnelinjene som blir brotne. Likevel, ved at mellomnamnet ber med seg ei svakare plikt om bruk og i større grad representerer eit val, opna det for at menn også kunne ta inn kona sitt etternamn i eiga namnerekke. Det bar ikkje med seg eit like klart brot med namneskikken og med namnekontinuitet som endring av etternamnet.

8. Avsluttande kommentarar

I svaret sitt rørte Liv ved tema som angår mange. Namneendring markerer ofte ei ny byrjing og eit nytt fellesskap, som det også gjorde for Liv. Kjernefamilien står som ei sentral eining i den norske kulturen, noko namnebruken og den symbolske tydinga til namn som del av inngåinga av ekteskapet markerer. Samstundes er namn symbol på individualitet, og endring markerer både eit brot med namnemessige fellesskap kvinnene har stått i før dei gifta seg, og eit brot med det som har vore nemninga på dei sjølv gjennom livet så langt.

Namna seier også noko om tilknytning til stader og til historier bakover i tid som gir meining til namna, og farge til relasjonane.

Frå Liv gifta seg på 1970-talet, til dottera gifta seg ein gong rundt 2010-talet, hadde det skjedd endringar i kva val dei som kvinner hadde høve til å gjere. Liv tok mannen sitt etternamn, og heldt på oppvekstnamnet som mellomnamn. Dottera til Liv heldt på oppvekstnamnet som etternamn, og la inn ektemannen sitt etternamn som nytt mellomnamn. Mellom desse to generasjonane med kvinner hadde namnelova endra seg to gonger, og namneskikken følgde etter. Liv måtte melde frå i forkant av vigselen at ho ville ha oppvekstnamnet som mellomnamn. Dottera kunne endre mellomnamn ved å fylle ut eit digitalt skjema. Den fyrste endringa av namnelova i 1979 gjorde at menn og kvinner kunne halde på, eller ta partnaren sitt etternamn på same vilkår. Den andre endringa som var gyldig frå 2003, gjorde det mogleg å ta partnaren sitt etternamn som sitt eige mellomnamn, og dermed ha eit namnefellesskap utan å måtte flytte oppvekstnamnet frå hovudposisjonen. Det vart også mogleg for ektepar å ha partnaren sitt oppvekstnamn som mellomnamn og sitt eige som etternamn, altså motsett rekkefølge av kvarandre, som altså dottera til Liv gjorde.

Tendensane til kva etternamn som får kva posisjon er framleis sterkt kjønna, slik statistikken eg viste til i byrjinga tydeleg viser. Sjølv om namnelovene opnar for ulike variantar, favoriserer skikken etternamna brukt av menn. Menn endrar i mindre grad på namna sine, og fokuset på individualitet og samanhengande bruk av namn har høgare status enn namneendring.

Måten namnepraksisane og namnefellesskapet har blitt praktisert på dei siste hundre åra seier vidare noko om ei hierarkisk ordning mellom kjønn der menn har forrang framfor kvinner, og mannslinja framfor kvinnelinja. For menn har det å ha uendra namn gjennom livet, dele namn med opphavsfamilien og dele namn med dei andre i kjernefamilien, vore mogleg å ta for gitt. Det var det ikkje for verken Liv som vart gift på 1970-talet, eller dottera fødd i åra rundt 1980. Dei sørga for at mennene rundt seg heller ikkje tok det for gitt.

Referanser

Bakken, Trine Sand, 2002: Fra Hansen til Figenschau. En undersøkelse av etternavnsendringer i Nord-Norge fra 1996–2000. Upublisert hovudfagsoppgåve, Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.

- Bechsgaard, Katrine Kehlet, 2024: 'Our family came to be with this name': Family identity and gender roles in surname choices. I: *Nordisk tidskrift för socioonomastik/Nordic Journal of Socio-Onomastics* 4 (1). S. 69–100.
- Biskopen, 1897: Cirk. ang. Kirkebøgenes Førelse, forsaavidt angaar Indførelse i samme af Personers Efternavne. I: *Norsk Lovtidende*.
- Boxer, Diana & Elena Gritsenko, 2005: Women and surnames across cultures. Re-constituting identity in marriage. I: *Women and language* 28 (2). S. 1–11.
- Braun, Virginia & Victoria Clarke, 2006: Using thematic analysis in psychology. I: *Qualitative research in psychology* 3 (2). S. 77–101.
- Brock-Utne, Birgit, 1976: Navnepraksis, navnelov og kjønnsroller. I: *Kvinnens årbok*. S. 143–149. Oslo.
- Brylla, Eva, 2001: Personnamn och genus. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19. S. 11–29.
- Bähr, Giselle & Ann Weatherall, 1999: Women and their personal names. Making sense of cultural naming practices. I: *Women's studies journal* 15 (1). S. 43–63.
- Carter, Julia & Simon Duncan, 2018: *Reinventing couples. Tradition, agency and bricolage*. London: Palgrave Macmillan UK.
- Castrén, Anna-Maija, 2019: Becoming “us”. Marital name, gender, and agentic work in transition to marriage. Marital name, gender and agency. I: *Journal of marriage and family* 81. S. 248–263.
- Ceynar, Michelle L. & Joanna Gregson, 2012: Narratives of keepers and changers. Women's postdivorce surname decisions. I: *Journal of divorce & remarriage* 53 (7). S. 559–580.
- Chute, Christine, 2020: «Jeg vil ha det sånn som alle andre vil ha». En kvalitativ studie av ekteskapets betydning for likekjønnede ektepar. Upublisert masteroppgåve, Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Dempsey, Deborah & Jo Lindsay, 2018: Surnaming children born to lesbian and heterosexual couples. Displaying family legitimacy to diverse audiences. I: *Sociology (Oxford)* 52 (5). S. 1017–1034.
- Duncan, Simon, Anne Lise Ellingsæter & Julia Carter, 2019: Understanding tradition. Marital change in Britain and Norway. I: *Sociological research online*. S. 1–18.
- Ellingsæter, Anne Lise, 2023: Resisting or maintaining gender inequality? Wedding traditions among Norwegian millennials. I: *Acta sociologica* 66 (1). S. 44–58.
- Entzenberg, Sonja, 2004: Gemensamt efternamn eller var sitt? En studie över gifta Uppsalapars efternamnsval. I: *Namn. Hyllningsskrift till Eva Brylla den 1 mars 2004*. Red.: Svante Strandberg, Mats Wahlberg & Björn Heinrici. Uppsala: Uppsala universitet. S. 35–45.
- Fisknes, Ole Herman, Oddvar Løkkeberg & Ingse Stabel, 1976: Utredning fra arbeidsgruppen til å vurdere endringer i navneloven. Oslo: Justisdepartementet.
- Fitzgibbons Shafer, Emily & MacKenzie A. Christensen, 2018: Flipping the (surname) script: Men's nontraditional surname choice at marriage. I: *Journal of family issues* 39 (11). S. 3055–3074.
- Fjellhaug, Marit, 1998: Hans eller hennes? Valg av slektsnavn ved giftermål. Upublisert hovudfagsoppgåve, Nordisk, Universitetet i Oslo.
- Foss, Karen A. & Belle A. Edson, 1989: What's in a name? Accounts of married women's name choices. I: *Western journal of speech communication* 53 (4). S. 356–373.
- Fowler, Rebekah Ileanne & Ann Fuehrer, 1997: Women's marital names. An interpretative study of name retainers' concept of marriage. I: *Feminism & psychology* 7 (3). S. 315–320.

- Frändén, Märit, 2010: "Att blotta vem jag är". Släktnamnsskick och släktnamnsbyten hos samer i Sverige 1920–2009. Doktorgradsavhandling, Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- Grønstad, Line Førre, 2015: Val av etternavn i 2014. I: *Tidsskrift for kjønnsforskning* 39 (3–4). S. 263–282.
- 2020: Fellesskap og individualitet. Kjønnna etternavnsval blant norske menn i heterofile parforhold. Doktorgradsavhandling, Institutt for arkeologi, historie, kulturvitskap og religionsvitskap, Universitetet i Bergen.
- 2021: The tough tøffel. Managing manliness and unmanliness for Norwegian men who have taken their wife's surname. I: *Ethnologia Scandinavica* 51. S. 119–135.
- 2023: «Arv og kjærlighet». Om å bytte og å halde på etternavnet for norske menn i heterofile forhold. I: *Tidsskrift for kulturforskning* 22 (1). S. 5–21.
- 2024: Tradition and gender. Norwegian men's surnames. I: *Nordisk tidsskrift for socioonomastik* 4 (1). S. 41–67.
- Heffermehl, Karin Bruzelius, 1968: Norsk praksis og avgjørelser i navnesaker. I: *Nordiskt immateriellt rättsskydd*. Stockholm.
- Heian, Hilde, 2016: Forskar på menn som byter etternavn. *Bergens tidende*, 04.10.2016 https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/Agnwq/Forskar-pa-menn-som-byter-etternamn?spid_rel=2.
- Keels, Megan M. & Rebecca S. Powers, 2013: Marital name changing. Delving deeper into women's reasons. I: *Advances in applied sociology* 3 (7). S. 301–306.
- Kelley, Kristin, 2023: The effect of marital name choices on heterosexual women's and men's perceived quality as romantic partners. I: *Socius: Sociological research for a dynamic world* 9. S. 1–14.
- Kline, Susan L., Laura Stafford & Jill C. Miklosovic, 1996: Women's surnames. Decisions, interpretations and associations with relational qualities. I: *Journal of social and personal relationships* 13 (4). S. 593–617.
- Leino, Unni, 2014: Man, woman or me? Conflicting identities as evidenced by cross-gender name changes. I: *Names in daily life. Proceedings of the XXIV ICOS International congress of onomastic sciences*. Barcelona. S. 803–811.
- MacEacheron, Melanie, 2016: North American women's marital surname change. Practices, law, and patrilineal descent reckoning. I: *Evolutionary psychological science* 2 (2). S. 149–161.
- MacEacheron, Melanie, 2024: Canadian brides'-to-be surname choice. Potential evidence of transmitted bilateral descent reckoning. I: *Genealogy (Basel)* 8 (1), 13. <https://doi.org/10.3390/genealogy8010013>
- Namnelova, 1964 = Lov 29. mai 1964 nr 1. om personnavn.
- Navneloven, 1923 = Lov om personnavn. Redigert av Justis- og beredskapsdepartementet.
- NEG = Norsk etnologisk gransking.
- Nielsen, Kari Marte, 2019: "Det ligger liksom en slags kraft bak det, når en tar det tilbake". En sosiolingvistisk undersøkelse om personnavn blant sørsamer. Upublisert masteroppgave, Institutt for språk og litteratur, NTNU.
- Noack, Turid & Kenneth Aarskaug Wiik, 2005: Navnevalg ved giftermål. Likes-tillingens siste skanse? I: *Samfunnsspeilet* (5). S. 2–8. <http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/likestillingens-siste-skanse>
- Nordqvist, Petra, 2012: 'I don't want us to stand out more than we already do': Lesbian couples negotiating family connections in donor conception. I: *Sexualities* 15 (5–6). S. 644–661.

- Nystad, Marie Elise & Mariela Idivuoma, 2020: Jonas (27) er trendy – endrer fra Paulsen til Tjågne. https://www.nrk.no/sapmi/jonas-_27_-er-trendy-_endrer-etternavnet-1.14907855
- Obasi, Sharon N., Richard Mocarski, Natalie Holt, Debra Hope, A. & Nathan Woodruff, 2019: Renaming me. Assessing the influence of gender identity on name selection. I: *Names* 67 (4). S. 199–211.
- Omura, Makiko, 2019: Why can't I keep my surname? The fairness and welfare of the Japanese legal system. I: *Feminist economics* 25 (3). S. 171–200.
- Patterson, Charlotte J. & Rachel H. Farr, 2017: What shall we call ourselves? Last names among lesbian, gay, and heterosexual couples and their adopted children. I: *Journal of GLBT family studies* 13 (2). S. 97–113.
- Peters, Eleanor, 2018: The influence of choice feminism on women's and men's attitudes towards name changing at marriage. An analysis of online comments on UK social media. I: *Names* 66 (3). S. 176–185.
- Pilcher, Jane, 2017: Names and “doing gender”. How forenames and surnames contribute to gender identities, difference, and inequalities. I: *Sex roles* 77 (11). S. 812–822.
- Qi, Xiaoying, 2018: Neo-traditional child surnaming in contemporary China. Women's rights as veiled patriarchy. I: *Sociology* 52 (5). S. 1001–1016.
- Robnett, Rachael D., Carrie R. Underwood, Paul A. Nelson & Kristin J. Anderson, 2018: Does a woman's marital surname choice influence perceptions of her husband? An analysis focusing on gender-typed traits and relationship power dynamics. I: *Sex roles* 79 (1). S. 59–71.
- Rydving, Håkan, 2021: On the history of the Sami family name system. I: *Navn på minoritetsspråk i muntlige og skriftlige sammenhenger. Rapport fra NORNA* 49. symposium i Kautokeino 24.-25. april 2019. Redigert av Kaisa Rautio Helander, Aud-Kirsti Pedersen & Mikkel Rasmus Logje. Kautokeino. S. 11–32.
- Slade, Michael, 2015: Who wears the pants? The difficulties men face when trying to take their spouse's surname after marriage. I: *Family court review* 53 (2). S. 336–351.
- Stoiko, Rachel & JoNell Strough, 2017: ‘Choosing’ the patriarchal norm. Emerging adults' marital last name change attitudes, plans, and rationales. I: *Gender issues* 34 (4). S. 295–315.
- Twenge, Jean M., 1997: “Mrs. His Name”. Women's preferences for married names. I: *Psychology of women quarterly* 21 (3). S. 417–429.
- Underwood, Carrie R. & Rachael D. Robnett, 2021: I would like us to share a name so that we can be recognized in society. Marital surname preferences in same-sex relationships. I: *Journal of homosexuality*. S. 1–21.
- Utne, Ivar, 2000: Mellom- og etternavn i andre land. *Nytt om navn* (31). S. 24–33.
- 2020: Same navn for jenter og gutar. Replik 48. Bergen: Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen.
- Wikstrøm, Solveig, 2012: Surnames and identities. I: *Names and identities. Oslo studies in language*, 4(2), redigert av Botolv Helleland, Christian-Emil Ore & Solveig Wikstrøm. Oslo. S. 257–272.

